



Arkivsaknr: 2026/1786-7  
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland  
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

## SAKSFRAMLEGG

Ostereidet kro AS søknad om endring i eksisterande skjenkeløyve for alkohol

| Utvalssak | Utval             | Møtedato |
|-----------|-------------------|----------|
|           | Utval for levekår |          |

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Ostereidet kro AS får innvilga skjenkeløyve inne og utandørs for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - 3 ved lokala i Eidavegen 532, 5993 Ostereidet.
2. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er frå kl. 09.00 – 02.00 mandag – laurdag. Søndag frå kl. 12.00 – 02.00.
3. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er frå kl. 13.00 – 01.00 alle dagar.
4. Styrar for skjenkeløyvet Gjertrud Maria Strømme Fammestad f. 17.09.81 og avløysar er Sveinung Hindenes f. 05.03.80.
5. Løyvet vert gjeve for løyveperioden frå 01.06.26 – 30.09.28.

Løyvehavar pliktar å senda til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 1. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår som er sett i løyvet.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak jfr. Forvaltningsloven §29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast Alver kommune.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

### Saka gjeld

Søknad om endring i eksisterande skjenkeløyve, samt utvida uteservering.

## Saksopplysningar

Ostereidet kro AS er frå tidlegare innvilga skjenkeløyve gruppe 1-3 sine lokalar i Eidavegen 532, 5993 Ostereidet. I lokala til Ostereidet kro AS drives det restaurant, kafé og selskapslokale.

Lokala er over 2 etg med til saman 110 sitjeplasser fordelt på et areal på 190 m<sup>2</sup>. Dei er frå tidlegare innvilga skjenkeløyve gruppe 1-2 i begge etasjane og skjenkeløyve for gruppe 3 kun i arealene i andre etasje med totalt 70 sitjeplassar.

Ostereidet kro AS søker no om å utvida arelaet til ei uteservering på 26 m<sup>2</sup>. Den er kledd inn med tett rekkverk med 1m høgde, inngang til terrasse er fra serveringslokala.

Dei søker og om å utvide sal av alkohol gruppe 3 til å gjelde alle områder i lokala, og ikkje kun avgrensa til 2 etg som tidlegare.

I Alver kommunes alkoholpolitiske plan kjem det fram vilkår for skjenking på uteareal. Løyvet vert gitt til eit klart avgrensa areal som er avskjerma i høve trafikk og brannrøymingsveggar. Det er ikkje tillat med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/ høgtalar på uteservering etter kl 23.00. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vere slik at den er til vesentleg sjenanse ulempe for den som bur eller oppheld seg ved området uteserveringa er.

## Vurdering

Søknaden har vore til uttale og det er ikkje komen inn merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløyssar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkohollova §1 7 c.

Alkohollova §1- 7b - krav til vandel og alkohollova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding  
Søknaden vert tilrådd innvilga.